

Lov for Tromsø mållag.

Vedteke på årsmøte 09.02.2010

§ 1 Tromsø mållag har til føremål:

- a) å samle målfolk i Tromsø til aktivt arbeid for det nynorske målet på alle område,
- b) å auke kunnskapen om og vørnaden for nynorsken og dialektane våre,
- c) å styrkje grunnlaget for den folkelege by- og bygdekulturen og verne om miljøet i byen vår.

§ 2 Tromsø mållag skal vere innmeldt i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaget Troms og Finnmark mållag, med dei rettar og plikter eit lokalt mållag har.

§ 3 Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte innan utgangen av februar. Det skal vere kunngjort minst tre veker på førehand. Omfram årsmøte blir halde dersom styret vedtek det eller minst $\frac{1}{4}$ av medlemene krev det.

§ 4 Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset årspengane og vedtek arbeidsprogram. Dei som har betalt årspengar for året som var, har røysterett på årsmøtet.

§ 5 Årsmøtet vel:

- a) leiar ved særskilt val kvart år,
- b) fire styremedlemer og to varafolk. Styremedlemene blir valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år. Varafolk blir valde for eitt år om gongen,
- c) ettersynsmann/-kvinne for rekneskapen,
- d) utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Mållag,
- e) valnemnd, leiar og to medlemer. Valnemnda blir vald for eitt år om gongen og skal føreslå kandidatar til verva under punkt a-d til årsmøtet. Styret føreslår kandidatar til valnemnda.

§ 6 Styret vel seg i mellom nestleiar, skrivar og kassastyrar, og står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst tre møter, mellom dei leiar eller nestleiar.

§ 7 Laget er å rekne som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under ti. Fylkeslaget kan dessutan rekne laget som nedlagt dersom det tre år på rad ikkje blir halde årsmøte og sendt årsmelding.

§ 8 Dersom laget blir nedlagt, skal styret i fylkeslaget ta hand om møtebøker og anna eige. Dersom nytt lag blir skipa og innmeldt i Noregs Mållag innan fem år etter nedlegginga, skal eiga gå attende til det nye laget. Går det lenger tid, eig fylkeslaget det som er.

§ 9 Årsmøtet kan endre vedtektene når framlegg om det er sendt ut til medlemene minst tre veker før årsmøtet. Dersom eit framlegg til endring av §§ 3-8 får 2/3 fleirtal, er det vedteke. For å endre §§ 1, 2 og 9 krevst samrøystes vedtak.

